

MØTEBOK

Kommune	Styre, råd, utval	Møtestad	Møtedato	Frå kl. 18.00 Til kl. 19.30
Aurland	fjellstyret	Steinbergdalshytta	1.12.20	

TIL STADES PÅ MØTET

Medlemar Sigurd Vikesland, May Britt Martinsen, Tor Olav Kvam, Leif Turlid.

**Vara-
medlemar** Reidun Bøe Bjørgum

Andre Knut Fredrik Øi, Håkon Øydvin, Aron Freyr Gudmundsson, Harald Skjerdal.

HANDSAMA SAKER

Sak nr./år

39/20, 40/20, 41/20.

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til

Fjellstyremedlemene og -varamedlemene, Aurland folkebibliotek.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 1.12.20

Stad: Steinbergdalshytta

Sak 39/20. Referat og meldingar

Følgjande meldingssaker vart refererte:

- 1) Møtebok fjellstyremøte 3. november
- 2) 11. november: Møte med Miljødir/SNO om ny tenestekjøpsavtale for tilsyn med sperregjerdet langs Fv50
- 3) Møtebok villreinutvalet for Nordfjella 12. november
- 4) Styremøte for fjellstyra på Hardangervidda 20. november
- 5) E-post frå Hol fjellstyre 29. november: Grunneigarfondet – søknad om erstatning for tapt reinsjakt?
- 6) 30. november: Helsing frå styreleiar i Jan Olav Solstad i NFS
- 7) Skjema for møtegodtgjersle til fjellstyremedlemene vert utsendt med det første
- 8) Status m.o.t. hjortejakta i Nordheimsdalen – Håkon Øydvin orienterte.

Sak 40/20. Fjellstyrebudsjettet for 2021

Budsjettframlegg med saksutgreiing låg føre.

Handsaming i møtet:

Eit kostnadsoverslag med ulike alternativ for materialval til tak på hytta i Brubotn vart lagt fram. Fjellstyret gjekk for det dyraste av desse, og auka post 7020 «Hytter - bygningstiltak» frå 55.000 til 80.000 kroner. Med dette vert budsjettert overskot redusert til kr 15000.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret godkjenner budsjettet for 2021 slik det ligg føre, med følgjande endring: Post 7020 «Hytter – bygningstiltak» vert auka frå 55.000 til 80.000 kroner. Budsjettert årsoverskot vert då kr. 15.000.

Aurland, den 7.12.20

Utskrift til:
Fjellstyremedlemene og -varamedlemene,
Aurland folkebibliotek

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 1.12.20

Stad: Steinbergdalshytta

Sak 41/20. Søknad om jaktkort til Sogn og Fjordane NJFF sitt kurs i rypejakt for jenter, Steinbergdalshytta oktober 2021

Saksutgreiing vedlagt søknad frå kvinneutvalet i Sogn og Fjordane NJFF v/Heidi Ryum Marsh låg føre.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret set av ein kvote på 10 todagars jaktkort for småvilt som kan kjøpast av dei som melder seg på kvinneutvalet i Sogn og Fjordane NJFF si planlagde samling med rypejakt for jenter på Steinbergdalshytta 2-4. oktober 2021. Fjellstyret kan og stilla med kjentmann frå fjelloppsynet i to dagar, utan noko vederlag.

Aurland, den 7.12.20

Utskrift til:
Fjellstyremedlemene og -varamedlemene,
Kvinneutv. Sogn og Fj. NJFF v/Heidi Ryum Marsh,
Aurland folkebibliotek